

## Svar på høyring om framlegg til rettskrivingsendringar

Me vil fyrst takke for høvet til å kunna svara på denne høyringa om rettskrivingsendringar. Hovudsynet vårt er at rettskrivinga ikkje bør verte endra altfor mykje, og det er soleis lurt å vera varsam når ein tek noko ut or eller inn i norma, særleg med omsyn til systemet. Men sjølvstakt er justeringar somtid naudsynte.

### Inkjekjønnsord på -eum

Inkjekjønnsorda på -eum og -é er ikkje dei aller mest frekvente i norsk, og me skjønar det kan vera ein føremon å ikkje ha for mykje valfridom her. At ein kan velja regelrett inkjekjønnsbøying ved å skrive *musé*, talar for å halde på valfridomen, det er eit gode at det er mogeleg å skrive ein «meir» fylgjerett nynorsk. Eit spørsmål som kan vera viktig å stille, er korleis orda på -eum ter seg i samansetjing – me går ut frå at endringa tilseier at *museums-* skal vera eineform som førelekk i samansetjing, og at det ikkje lenger er aktuelt med *musé-/muse-*. Kan det vera aktuelt å halda på ein slags valfridom i samansetjingar?

### Kjevle

I utgangspunktet verkar det greitt at *kjevle* no skal kunna vera hokjønn attåt inkjekjønn. Men det verkar likevel uheldig å ha eit skilje mellom ordet i botanisk tyding og i den opphavlege tydinga. Det er i seg sjølv ein grunn til å vurdere å halde på inkjekjønnsforma som eineform endå ei stund til.

### Pronomenet hen

Det er fint å ta *hen* inn i norma som kjønnsnøytralt pronomen, det hjelper på at det er stutt og på sett og vis liknar på *han* og *ho*. Det ser òg ut til å passe godt inn i systemet, men på nynorsk skil det seg frå *han* og *ho* i so måte at det ikkje kan brukast til å vise til ikkje-personlege substantiv. I sakspapiret saknar me ei presisering om samsvarsbøying. Me går ut frå at det ter seg stort sett som *han*, dvs. at det skal vera «då hen var liten», ikkje *lita*, *lite* eller *små*.

## Diskret og diskuré

Ut frå bruken ser det ut til å vera eit godt val å ta inn *diskret* som valfri form attmed *diskuré* og *diskre*. Men det bør òg vurderast om dette kjem til å ha innverknad på korleis ordet vert uttala, det vil vera uheldig med bokstavrett uttale. I same slengen kan me nemne eit liknande ord, *buffé*, som ofte vert skrive *buffet*. Språkrådet bør vurdere om det skal fylgje ein slags konsekvens mellom desse to. Me hallar mot at den beste løysinga er å halde oppe skiljet mellom *diskuré* og *diskret*.

## Samansetjingsfuge ved retningsadverb

Det er absolutt høveleg å rette opp i denne inkonsekvensen frå 2012. Men det burde kanskje gjerast heilt regelrett: *-an-* over heile lina, både føre vokal og konsonant. Då gjer ein det ikkje meir komplisert enn det treng vera, og det er lett å lære seg. Som konsekvens høver det ogso å endre *norda*, *sønna*, *vesta* og *austa* til *nordan*, *sønnan*, *vestan* og *austan* – eller i det minste leggje dei til som valfrie former. Det er vanskeleg å skjønna kvifor det ikkje skal vera *-an* der når det er *-an-* i samansetjing. Me skjønar heller ikkje kvifor *-an-* vert omtala som ei fuge i sakspapiret, det er vel del av sjølve ordet, akkurat som i *innan*, *utan*, *heiman* osb. Rådet vårt er difor å innføre *an-*ending ogso når desse orda står usamansette.

Med helsing frå

Håkon Remøy  
manusredaktør i Det Norske Samlaget

Mobil: 99 44 20 02

E-post: [h.remoy@samlaget.no](mailto:h.remoy@samlaget.no)

På vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget